

# Attraksjon av supinum i færøysk og norsk

Av HELGE SANDØY

## 1. Innleiing

Eit kjent særdrag for færøysk er dei mange attraksjonane av supinum, som vi møter nokså snart når vi set oss til for å lese ein færøysk tekst, som f.eks.:

(1) Og har hava teir altíð roynt at dripið grind.

Fenomenet er så vidt nemnt i lærebøker i færøysk. For norsk er den tilsvarende konstruksjonen ikkje så kjent. Det er nesten håplaut å finne omtale av han i norske grammatikkar, og vi møter han ytterst sjeldan i skrift. Men i talemålet er supinumattraksjonen heilt vanlig, som f.eks. i:

(2) Han fortalde at han hadde ikkje orka (å) tenkt meir på det.

På denne bakgrunnen ville det vere interessant med eit studium av kva grammatisk status dette fenomenet har, og kva ev. dialektgeografiske mønster som fins.

I termen 'supinumattraksjon' ligg det ei oppfatning av at føresetnaden for konstruksjonen er eitt supinum som "drar til seg" ei tilsvarende form av andre infinitt i setninga.

Dette er noe anna enn attraksjon i andre former av verbet, som f.eks. i:

(3) Han er med og arbeider.

For verba i ei slik setning vil bøyinga vere parallell i alle former: *var - arbeide* og *har vore - arbeidd* osv. Det gjeld ikkje i setningane ovafor, som ein ser av den ukurante (4) jamført med (2):

(4) \*Han orkar ikkje og tenkjer meir på det.

Attraksjonen vi behandlar her, er aktuell bare i supinum.

## 2. Syntaktisk posisjon

Vi skal først sjå på kva syntaktiske posisjonar dei attraherte supinuma kan ha.

### 2.1. Del av verbalet

- (5) Eg har mátta retta mange stilar kvar veke.  
 (6) Nei, høvdu vit viljað grivið okkum inn í heygjar og etið skræður og drekkasúpan, so høvdu vit átt gull. (Brú s. 31.)

Her er supinuma *retta*, *grivið* og *etið* hovudverba i verbalet, og det attraherande supinumet er eit modalt hjelpeverb.

### 2.2. Nominal

Det attraherte supinumet kan stå i eit direkte objekt (7-8), eit subjekt (9-10), eit potensielt subjekt (11-12), eit predikativ (13-14) og ei styring til preposisjon (15-16). I (8) er det dessutan tale om ein samanlikningskonstruksjon.

- (7) So kundu teir heldur noktað mær at komið í bátin.  
 (8) Eg har ikkje vunne anna enn á sprunge i heile dag.  
 (9) Á sprunge sekstimeteren på 7,5 hadde ikkje vore nokon kunst på ein slik bane.  
 (10) At lopið trýssmeturin uppá 7,5 hevði einki verið fyri á hesum fróttarvøllinum.  
 (11) Det hadde vore best á reist no.  
 (12) Tað hevði verið så stuttligt at sloppið at hildið um eina gentu einaferð. (Brú s. 27.)  
 (13) Beste løysinga hadde vore á gitt honom fri.  
 (14) Besta loysnin hevði verið at givið honom frí.  
 (15) Eg hadde ikkje vilja gjort det for á berga livet eingong.  
 (16) Hava tit livað alla vikuna uttan at drukkið kaffi?

### 2.3. Utfylling

Svært vanlig er det at infinittet står som utfylling til eit adjektiv, substantiv eller pronomen, dvs. som "utfyllande infinitiv el. infinitivsfrase", som det heiter i lærebøkene (jf. Lie 1976:114f. og Vinje 1970:121f.). Her får vi heller tale om 'infinitivfrase', ettersom termen skal dekke både infinitivs- og supinumfrasar.

- (17) Jau, ho har vore flink á gått i dag.

(18) Nú eru tær um miðjan aldur, men sjáldan hava tær á ævi síni havt ta gleði at hojrt navn sítt sagt, sum tað eigur.

#### 2.4. Oppsummering

Etter tradisjonell analyse kan altså denne attraksjonen skje både der det attraherte supinumet er del av verbalet, og der infinittfrasen fungerer som eit nominalt ledd, underordna eit verbal som inneheld eit supinum, men òg i subjektet, som står i neksusforhold til verbalet. Vi møter altså attraksjonen i heile setningssyntagmet.


### 3. Geografisk utbreiing

Konstruksjonen er velkjent over heile Færøyane. Eine heimelsmannen derifrå trur at attraksjonen er meir brukt i dei sørlige dialektane enn i dei sentrale og nordlige. Ein ev. geografisk variasjon i færøysk har eg førebels ikkje fått høve til å undersøke nærare. Til dette arbeidet har eg nøgd meg med bare 2 informantar i tillegg til skriftlige eksempel. Ut ifrå det materialet eg har brukt, kan eg ikkje sjå at det fins noen geografisk variasjon.

For norsk har eg heller ikkje kartlagt fullstendig den geografiske variasjonen. Her var eg først opptatt av å få eit inntrykk av kor vid geografisk utbreiing sjølve attraksjonen hadde. Dette er ein konstruksjon ein ikkje kan spørje kven som helst om. Å svare for syntaktiske konstruksjonar krev ein viss lingvistisk kompetanse. Dessutan krevs det i dette tilfellet òg ei så god stilkjensle at ein ikkje blandar saman skriftmålskompetansen og talemålskompetansen. Derfor har eg bedt 54 kjenningar med lingvistisk bakgrunn svare på ei spørjeliste.

Det attraherte supinumet manglar fullstendig hos 8 av dei 54. Men det er vanskelig å sjå noe geografisk mønster berre av dei. Ser ein derimot på kor mange setningar informantane er positive til, og bruker dét som ein målestav på kor fortrulige informantane i det heile tatt er med ein attraksjonskonstruksjon, finn vi eit visst mønster. Av 11 mulige positive svar på setningar med supinumattraksjon får eg nemlig bare 1-3 positive hos 18 av informantane. Plasserer vi både desse og dei heilt negative på kartet, ser vi at det er "vanskeligast" å få positive belegg frå den sørlege og vestlege delen av Norge. Konstruksjonen kan sjå ut til å leve best frå Mjøs-området og nordover, og kjerneområdet kan kanskje seias å ligge kring Dovre. Jamfør kartet.





Slengarane utafør kjerneområdet kan ikkje avvisas. I noen grad fins nok attraksjonen over det meste av landet, kan det sjå ut til, han er bare ikkje like gjennomført eller allment brukt allstad. Typisk for kjerneområdet er at somme der reknar infinitiven som direkte ukurant i visse tilfelle.

Så langt eg har forstått, fins det tilfelle av supinumattraksjon i svensk talemål òg, men omfanget av bruken kjenner eg ikkje, heller ikkje kva typar det er tale om. Teleman/Wieselgren (u.å.:95f.) fortel om "dubbelsupinum" i talespråket som ein intensitetsmarkør. Eksempla der svarer til typen under pkt. 2.1. ovafor. Frå Jämtland har Vidar Reinhammar gitt meg dette eksempelet, som altså er ein utfyllande supinum: (19) Jag hade inte haft någon riktig lust te läst. [Ortografien noe normert her. HS.]

Av eit arbeid Jespersen trykte i 1895-96 om "En sproglig værdiforskydning", kan det sjå ut til at supinumattraksjon òg er kjent i dansk. Men ettersom artikkelen hans gjeld utviklinga av verbale paratagme i alle tempora - altså verbal attraksjon generelt - er det vanskelig å skilje ut restriksjonar som gjeld supinum spesielt. Men han har mange eksempel som føyer seg fint inn i framstillinga vår her, og Jespersen legg sjølv merke til den høge frekvensen av attraksjon i supinum. Dessutan må han òg "indrømme, at fænomenene optræder hyppigere hos menigmand end højere oppe i samfundet" (Jespersen 1895-96:180).

Dersom attraksjonen har eller har hatt feste i både Danmark og Sverige, er det tale om eit vidare skandinavisk fenomen, som nå kanskje er på retur. I så fall kan dei positive slengarane sørst i Norge oppfattas som relik i eit område som held på og skrumpar inn.

#### 4. Syntaktiske og semantiske restriksjonar

##### 4.1. Verbform

Attraksjonen ser i all hovudsak ut til å vere avgrensa til supinum, han kan ikkje brukas ved perfektum partisipp anna enn der subjektet er eit formelt *tað*. (Dette er altså grunnen til at eg her har valt å bruke nettopp termen *supinumattraksjon*.) I færøysk er attraksjon umulig f.eks. i konstruksjonar med *er farin* 'er begynt':

(20) \*Børnini vóru longu farin at sovið tá ið boðini um burturflyting komu.

I norsk er det òg ein del som bruker eller kan godta partisippkonstruksjonen *er begynt*, for *har begynt*, og dei òg ser ut til å vere negative til *\*var begynt å lagt seg*.



#### 4.2. Enkel - dobbel handling/hending

For dei syntagma der attraksjon er mulig, er det viktig å skilje mellom det vi kan kalle 'enkel' og 'doppel' handling/hending. Doppel handling ser vi i eine testsetninga:

(21) Har de levd ei heil veke utan å kokt kaffi, karar?

Dei to handlingane 'leve' og 'koke' er heilt uavhengige av kvarandre. Dei har her ulike aksjonsartar. Og dei kan foregå til ulike tider. I attraksjonsområdet er slike setningar med attraksjon heilt gangbare.

Når dei infinitte verba uttrykker ulike handlingar eller hendingar, vil eit skilje mellom supinum og infinitiv kunne vise om begge handlingane er avslutta eller ei på det tidspunktet som setninga tar utgangspunkt i. Det ser ein f.eks. i neste testsetning:

(22) \*Dei har bestemt seg for å gått heim i kveld.

(23) \*Tey hava gjørt av at farið heim í kvöld.

Handlingane 'bestemme seg' og 'gå heim' kan skje til ulike tider. Her er den første allereie avslutta, den andre kan ikkje vere det. Denne testsetninga med attraksjon blir avvist av absolutt alle informantane, også i kjerneområdet. Her må det brukas infinitiv av *gå* og *fara*.

Semantisk er her altså ikkje same aspekt, og det kjem fram ved at ein bryt med perfektiv-aspektet ved å sette inn ein infinitiv. Vi kan legge merke til at i eksempel

(21) ovafor var det perfektivt aspekt i begge infinittfrasane.

'Enkle handlingar' har vi når infinittfrasen er styrt av verb som sjølve ikkje uttrykker eigentlige handlingar, men derimot eit eller anna forhold som subjektet har til handlinga i infinittfrasen. Verba er: *hjelpe, gidde, sleppe, hindre, gløkke, tole, greie, makte, klare, fortsette, behøve, trenge, begynne, prøve, forsøke, pla, våge, tore*:

(24) Dei har hjelpt oss å teke inn høyet i mange år.

(25) Tey hava hjálp okkum at borið hoyggj í mong ár.

Desse verba viser ikkje ei hending eller handling som kan skje på eit anna tidspunkt enn handlinga i infinittfrasen; dei uttrykker eigentlig inga handling, og såleis ligg dei nær bruken av dei modale hjelpeverba.

Eit spesialtilfelle under dobbel handling kan vi seie er såkalla "akkusativ med infinitiv", ein konstruksjon som i folkelig norsk ikkje er like utbreidd som i skriftmålet. Men vi kan ha konstruksjonen ved verb som: *la, sjå, høyre*. Her er det tale om ulike handlingar, ettersom det er ulike subjekt for handlingane, men aspektet er det same:

(26) No har lærarane late ungane gått heim for tidleg kvar dag denne veka.

(27) Nú hava lærararnir latið børnini farið heim ov tíðliga hvønn dag hesa viku. Denne setninga er fullt ut akseptabel í kjerneområdet, men det ser ut til at opplendingane (altså sørom kjerneområdet) er skeptiske.

#### 4.3. Supinum før infinitiv

Rekkefølga av dei to infinitte formene er alltid slik at supinum-formene kjem først. I lange syntagma med fleire infinitte former vil ein nesten alltid kunne velje infinitiv, men er infinitiv først valt, må dei infinitta som kjem etter, òg stå i infinitiv.

(28) Vit áttu at samtykt at farið longu í heyst at valt stjórn eftir hesum nýggju reglum.

(29) Vit áttu at samtykt at farið longu í heyst at velja stjórn eftir hesum nýggju reglum.

(30) Vit áttu at samtykt at fara longu í heyst at velja eftir hesum nýggju reglum.

(31) \*Vit áttu at samtykt at fara longu í heyst at valt eftir hesum nýggju reglum.

Har ein brukt fara i infinitiv, kan ein altså ikkje bruke valt i supinum.

#### 4.4. "Syntaktisk avstand"

Ved ei eksempelsetning prøvde eg å sette inn eit midtfeilsadverbial for å skape avstand mellom infinitta. Det reduserte ikkje grammatikaliteten åt attraksjonen. Men eg prøvde òg med testsetningar der det er meir enn sjøve verbet som "styrer" infinittet. 'Å ha til arbeid' f.eks. kan semantisk seias å vere eitt samla uttrykk:

(32) Han hadde hatt til arbeid heile året å hogd ned småskogen kring setra.

(33) ?Hann hevði havt sum arbeiði alt árið at høgt trøini rundan um húsini.

Verb + preposisjonsuttrykk utgjør ofte semantiske (ev. leksikalske) einingar som her. I denne testsetninga minkar tydeleg akseptabiliteten av attraksjon, sjølv i beste kjerneområdet. Det er ein avstand frå første supinumet som forstyrrar attraksjonen for ein del informantar. Og interessant er det at same informantane avviser attraksjon i apposisjon:

(34) Ho ville ha vore oppteken av berre ein ting, å smakt på julekakene.

(35) Hon hevði hugsað bara um eitt, at sloppið at smakkað á jólakøkurnar.

Men svært mange godtar supinum her òg.

Neste testsetning innheld eit potensielt objekt:

(36) ?Han har dessverre gjort det vanskeleg å sagt dei opp.

(37) ?Tíverri hevur hann gjort tað torført at sagt teimum upp.



Denne setninga blir avvist av dei aller fleste. Dei tre som kan tenke seg attraksjon, er kanskje bare slengarar. Eller det er kanskje tale om eit grensetilfelle. Setninga er tvilsam i færøysk òg. Heilt kurant er derimot den enklare konstruksjonen:

(38) Det har vore vanskeleg å sagt dei opp.

Utan at det har med avstand å gjøre, tar eg her med eit særtilfelle der det ikkje er syntaktisk attraksjon, men heller semantisk. Etter adjektivet 'ferdig' kan ein i Romsdal og på Nørdre Sunnmøre ha supinum utan at det fins noe supinum av verb elles i setninga:

(39) Han er heilt ferdig å stroke kleda, han.

Utafor dette området er denne konstruksjonen ukurant. Den tilsvarande i færøysk er heller ikkje akseptabel:

(40) \*Hann er liðugur at strokið klæðini.

At attraksjonen her blir godtatt i eit lite område på Nordvestlandet, fortel om ei vidareutvikling frå den reint syntaktiske attraksjonen. Her er det ei markering av perfektivt aspekt.

#### 4.5. Irrealis - realis

Dersom modusen i setninga er irrealis, dvs. at ein uttrykker tenkte tilfelle, er tendensen til å bruke supinum i alle infinita større enn elles, og her vil heller ikkje distinksjonen ovafor mellom enkel og dobbel handling hindre supinum, for den tenkte "doppelhand-linga" er også lagt til irrealis og kan dermed uttrykkas i supinum:

(41) Dei hadde nok bestemt seg for å gått heim att viss dei hadde kjent til denne regelen.

(42) Tey høvdu ivaleyst avgjort at farið heim aftur um tey høvdu vitað av hesi reglu. Desse setningane kan vi jamføre med dei uakseptable (22-23) ovafor.

I færøysk kan supinumet òg stå i ei underordna setning når oversetninga er i irrealis, jf. (43) der valt står i leddsetninga, kannað i oversetninga:

(43) Tað kundi tí verið kannað, um møguleiki var fyri at valt løgtingsliminar í einum valdømi, [...] (14. september 4/7-90 s. 11.)

At ein distinksjonen mellom infinitiv og supinum blir oppheva ved irrealis, føyer seg inn i eit meir generelt mønster, som Peter Harms Larsen (1970:39) har påvist for opposisjonen mellom heilsetningsstruktur og leddsetningsstruktur og Kjell Ivar Vannebo (1989:11) for tempusdistinksjonar. Irrealis er så markert at andre distinksjonar blir



umarkerte. Dette generelle grammatiske trekket blir støtta også av tendensen i materialet mitt.

### 5. Normsituasjonen for skriftmålet

Attraksjonen bryt med den klassiske grammatikken, som gir oss eit visst logisk mønster for kvar infinitivane skal stå - som temporalt nøytrale former som fortel om ei handling eller hending - altså infinitivsfrasar. Vi ser tydelig at grammatikarane ser på brotta med klassisismen som noe negativt. Aasen mislikar attraksjonen. Han gjør i Norsk Grammatik frå 1864 oppmerksom på fenomenet, men synes det er ein unødvendig konstruksjon:

"Denne Brug er meget sædvanlig i de vestlige Egne og vistnok i en større Deel af Landet, men den er noget uformelig og burde neppe indføres i Skrift, hvor man hellere maa bruge det fuldkomne Infinitiv enten i Præsens eller Perfektum, f.Ex. enten 'gjera' eller 'hava gjort'. (Aasen 1864:pgr. 324, Anm.)

At attraksjonen er lite behandla i grammatikklitteraturen etter Aasen òg, kan ha samanheng med at attraksjonen de facto ikkje er godkjent i normene for norsk skriftspråk. Eskeland (1954:26) omtalar han og er nok litt mildare i dommen enn Aasen:

"I talen kan ein tidt høyra folk bruka dette å eller te føre fortids-partisipp av verbet òg.[...] Mange skriv såleis òg, og det kan ikkje vera noko å seie på. Men i alle desse dømi kan ein godt bruka infinitiv, og det er det greiaste, [...]"

I skolen får vi i Norge terpa inn det klassiske idealet slik at vi til dels mistar språkkjensla for morsmålet vårt på dette punktet. Fleire av informantane kommenterer at dei er usikre på grunn av skoleopplæringa som har terpa inn infinitivar.

Attraksjonen er ei nyutvikling i færøysk og norsk. Islandsk manglar konstruksjonen, og det norrøne eller gammalnorske språket kan heller ikkje kaste glans over han. Her er ingen gullalder å vise til, bare folkemål og bondemål.

I færøysk er merkelig nok konstruksjonen prinsipielt akseptert. Men her òg har det tydelig vore ein viss skepsis. Det ser vi alt hos Hammershaimb i ein artikkel frå 1900 der kan klagar over denne konstruksjonen:

"Eg finnist at, tá ið eg nú so ofta í færoyskum avís sum síggi samansetningar av orðum, sum mál okkara ikki egir at hava, t.d. "Føringat". "tí eingin ivast í at g j ø r t sær ta fyrítøku" (eigir at vera: "g e r a sær"), "Fuglaframi 1899-6: "hava hjálpt til at b y g t hana" - ("at b y g g j a hana" ella "fáa bygt hana"). Tílfkar samansetningar, sum ikki hoyra málinum til, brúkast nú so ofta í tí, som prentað verður, at tað er við at festast í tí og villa fólk til at taka slíkt rangt upp í talumálið." (Hammershaimb 1900:27.)

## 6. Historisk utvikling

Færøysk og norsk (og trulig dansk og svensk) har altså fått ei felles syntaktisk utvikling. Men språkhistoria vår inneheld eit "mørklagt" kapittel, som gjør av vi må bare gjette oss til korleis dette syntaktiske draget har utvikla seg.

For den generelle attraksjonen mellom dei verbale temporalformene er det foreslått at årsaka kan vere f.eks. a) lydlig samanfall mellom konjunksjonen *og* og infinitivsmerket, og b) formsamanfall mellom infinitiven og ei av dei andre verbalformene (Jespersen 1895-96:155 og Beito 1970:282f.). Men for det første skil færøysk mellom konjunksjonen og infinitivsmerket, og for det andre skulle ikkje slike fonologiske og morfologiske samanfall gi systematiske syntaktisk-semantiske restriksjonar som er spesielle for supinum. (Samanfallet mellom *at* og *og* har Holm 1958:198-208 avvist for attraksjonen også av andre former enn supinum.)

Min hypotese er at irrealis-konstruksjonen kan skiljas ut - og kanskje tenkas som eit historisk utgangspunkt. Vi kan da først sjå på den velkjente konstruksjonen i (44), som egentlig ikkje er ein attraksjon.

(44) Han ville gjort det betre ein annen gong.

(45) Uttan slíkt skeið kundi eg ikki nevnt hetta evni hvørja viku, eins og eg nú ger. Med infinitiv for supinum er det ikkje lenger irrealis, men uttrykk for vanlig fortid.

Denne konstruksjonen er svært vanlig i både norsk og færøysk, og han er òg akseptert i skriftmåla i begge landa. I grammatikkane er han oppført som 2. kondisjonalis, og forma står gjerne oppført med eit *ha* i parentes.

Somme dialektar har eigne konjunktivsformer på *-a* av dei modale verba i preteritum når dei står i denne irrealis-konstruksjonen.

(46) Å kunna følgt henne heim hadde vore draumen hans i lang tid.

Her kan ein hevde at forma *kunna* er ein fonetisk kontraksjon av *kunne + ha*. Men at dét ikkje stemmer, ser vi av at negasjonsadverbialet kjem etter *kunna*, mens det står mellom dei to verba i f.eks. *kunne ikkje ha*. Historisk er *kunna* supinum-forma som fungerer som konjunktiv. Og at supinum har tatt over for preteritum konjunktiv i irrealis, kjenner vi frå mange dialektar:

(47) Det såg ut som det vore eit hus. (Aasen 1864:pgr. 324, Anm. med opplysning frå Hordaland.)

(48) Hjelpt du meg i morgon, kome me til endes med resten. (Venås 1977:163 frå Hallingdal i Buskerud.)



(49) Kor mykje teke du for det? (Haugen 1982:143 frå Oppdal i Sør-Trøndelag.)  
[Ortografien i desse eksempla er normert. HS.]

Supinumet fikk altså ein ny funksjon - eit nytt innhald 'irrealis' i tillegg til det aspektuelle 'perfektiv'. Ei slik forskyving er ikkje overraskande som uttrykk for nettopp irrealis. Morfosyntaktisk er det derimot overraskande at ei infinitt form begynner å opptre som finitt. Men som vi har vore inne på før, blir mange distinksjonar oppheva nettopp i irrealis, og her òg altså distinksjonen (opposisjonen) finitt - infinitt. Når irrealis-markeringa, altså modus-markeringa, er blitt overordna finitt- og tempus-markeringane, blir det lett å forstå konstruksjonar som:

(50) Dei kunna trunge (å) hatt ei jente til å sett etter smågutane.

Her er absolutt alle verba i supinum! I andre "tider" enn 2. kondisjonalis, dvs. irrealis, kan vi ikkje ha noen supinum-form:

(51) Dei kan trenge (å) ha ei jente til å sjå etter smågutane.

Regelen er altså at bruker ein først supinum i irrealis, kan alle infinitta i syntagmet/setninga stå i supinum. At dette dermed i utgangspunktet er ei konjunktiverstatning, finn vi òg støtte for i det faktumet at islandsk, som har tatt vare på preteritum konjunktiv som irrealismarkør, ikkje har fått supinum-attraksjon.

Hypotesen min blir da at færøysk og norsk først fikk

- 1) supinum som konjunktiverstatning i irrealis, og vidare
- 2) attraksjon i irrealis ("irrealis-attraksjon"), og til slutt
- 3) er attraksjonen gått vidare til òg å omfatte innhaldet perfektiv, som låg i same supinum-forma.

Dermed har vi fått supinum-attraksjonen, slik eg har presentert han tidligare i dette innlegget.

## Litteratur

- Beito, O. T. 1970. *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. Oslo
- Brú, Heðin 1979. *Fedgar á ferð*. (5. utg.) Tórshavn.
- Eskeland, Severin 1954. *Reglar og rettleingar i norsk målbruk*. (Sjette opplaget.) Oslo.
- Hammershaim, V. U. Hit føroyska Bókafelagið. I: *Ársbók fjørja bókafelags* s. 25-27. Tórshavn.
- Haugen, Einar 1982. *Oppdalsmålet*. Oslo.
- Holm, Gösta 1958. *Syntaxgeografiska studier över två nordiska verb*. Uppsala.
- Jespersen, Otto 1895-96. En sproglig værdiforskydning. *OG = AT*. I: *Dania* 3:145-182
- Larsen, P. Harms 1970. To bidrag til beskrivelsen af "non-realis" i dansk. I: *NyS* 1:34-41.
- Lie, Svein 1976. *Innføring i norsk syntaks*. Oslo-Bergen-Tromsø.



- Teleman, U. & A. Wieselgren [u.å.] *ABC i stilistik*. Lund.
- Vannebo, Kjell Ivar 1989. Rekonstruerende perfektum. I: *NLT* 1/89:3-16.
- Venås, Kjell 1977. *Hallingmålet*. Oslo.
- Vinje, F.-E. 1970. *Kompendium i grammatisk analyse*. Oslo-Bergen-Tromsø.
- Aasen, Ivar 1864. *Norsk Gramatik*. Christiania.
14. september. [Avis.] Tórshavn.


Helge Sandøy  
Nordisk institutt  
Universitetet i Bergen

---

# *danske folkemål*

---

BIND 33



*4. Nordiske  
Dialektologkonference  
Askov Højskole  
12.-16. august 1990  
Konferenceforedrag*

INSTITUT FOR DANSK DIALEKTFORSKNING

---

C.A. REITZELS FORLAG 1991